

**Båtbesøk i påska: Uskedalen langt framfor Husnes!**

11.04.2009



Kan Uskedalen slå Husnes i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Båthamnane i Uskedalen har så langt i denne påska hatt eit svært bra gjestebåtbesøk og har lege langt framfor Husnes.**

**Båtlag-leiar Rolf Myklebust nyttar ordet kjempebra og er særleg godt fornøgd med innrykket skjærtorsdag kveld. Då kom talet på gjestebåtar opp i 27! Natt til laurdag var talet 16 og laurdag kveld 21.**



Også dei unge trivs i båthamna i Uskedalen. Biletet vart teke langfredag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I desse tala inngår også dei båtane som har lege ved Sandakaien, men ikkje dei i Øyro Marina.

Egil Høgemark opplyser at det har vore 13 gjestebåtar i Øyro heilt sidan onsdag og det betyr at det natt til langfredag var til saman 40 gjestebåtar i Uskedalen!

- I påska i fjor hadde vi berre to gjestebåtar. Dette er berre heilt fantastisk, seier Egil.

Naturleg nok kjem hovudtyngda av gjestebåtane frå Sunnhordland-området og Bergen-området, men det har også vore eit betydeleg innslag frå Rogaland.

Fredag kunne kvinnheringen.no melda om eit gjennomsnittsbesøk på 12 gjestebåtar ved båthamna på Husnes så langt i påska. Det tyder på at Uskedalen har fått ein svært god start i den årlege konkurransen, noko som lovar godt foran det nye oppgjeret til sommaren.

Kan det tenkjast at Uskedalen blir gjestehamn nummer ein i landet i år?

Av Ola Matti Mathisen